

Årsmelding

Ålfotbreen landskapsvernområde

2012



Straumsbotnen og fjellet oppover mot sjølve Ålfotbreen.

Foto: Alf Erik Røyrvik

Alf Erik Røyrvik
Verneområdeforvaltar

1. Generelt

Ålfotbreen landskapsvernombordet vart verna 9. januar 2009, og 2012 var derfor tredje året med forvaltning av landskapsvernombordet. I tillegg var 2012 første heile året med lokal forvaltning etter at det første verneområdestyret vart konstituert 13.mai 2011.

I den administrative delen av forvaltninga har hovudfokuset i 2012 lege på konstituering og kompetanseheving for det nye styret som vart oppnemnt etter kommunestyrevalet hausten 2011, og å få den relativt nye modellen med lokal forvaltning til å gå seg til.

Av fysiske tiltak i verneområda har fokus lege på tilrettelegging for friluftsliv og uttak av framande artar.

Styret

Det vart konstituert nytt styre for Ålfotbreen landskapsvernombordet 20.april 2012, etter at det var oppnemnt nye representantar frå kommunane etter kommunevalet. Styret er konstituert for perioden 2012 – 2015.

Styret i denne perioden består av:

Verv	Namn	Representerar	Vararepresentant
Leiar	Ola Tarjei Kroken	Gloppen kommune	Gunvor Sunde
Nestleiar	Nina Klara Grotle	Bremanger kommune	Karl Vidar Førde
Medlem	Bengt Solheim-Olsen	Flora kommune	Bente Halvorsen
Medlem	Anita Nybø	Fylkeskommunen	Bjørn Hollevik

Styret har hatt 4 styremøte i 2012, eit av dei som telefonmøte. Styret har handsama til saman 25 saker. Styret har ikkje oppretta arbeidsutval.

På styremøte nr 4 i 2012 skifta styret namn til Ålfotbreen verneområdestyre. Namneskiftet var både for å forenkla namnet og for å tilpasse seg retningslinjene til Direktoratet for naturforvaltning.

2. Saker

Det har vore veldig få dispensasjonssaker å handsame i Ålfotbrean landskapsvernombordet. Her er veldig lite aktivitet som krever dispensasjon (byggesaker og motorferdselsaker).

Det har blitt gjeve ein dispensasjon i 2012:

- Leidulv Solvang fekk landingsløyve med helikopter i samband med hjortejakta.

3. Rekneskap

2012 har vore eit «innkøyringsår», då det er det første heile året både for Ålfotbrean verneområdestyre, for Forvaltningsknutepunkt Sandane og første heile året Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ansvar for verneområde-/nasjonalparkstyre. Ein hadde derfor ikkje erfaringstal å bygge på når det gjaldt kor mykje ordninga og forvaltninga ville koste.

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet, er det satt opp ein felles rekneskapoversikt.

2012	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbrean	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Lønn + Overhead og sosiale utg	kr 580 000	kr 603 210	kr 290 000	kr 301 605	kr 290 000	kr 301 605
Drift forvaltar og knutepunkt	kr 100 000	kr 166 843	kr 50 000	kr 83 422	kr 50 000	kr 83 422
Drift styre	kr 270 000	kr 107 070	kr 160 000	kr 69 228	kr 110 000	kr 37 842
Tiltaksmidlar	kr 180 000	kr 180 000	kr 100 000	kr 100 000	kr 80 000	kr 80 000
Bestillingsdialog	kr 650 000	kr 546 859	kr 500 000	kr 475 598	kr 150 000	kr 71 261
Planarbeid	kr 152 000	kr 0	kr 85 000	kr 0	kr 67 000	kr 0
Tot	kr 1 932 000	kr 1 603 982	kr 1 185 000	kr 1 029 853	kr 747 000	kr 574 129

Som ein kan sjå ut av tabellen, har kostnadane til forvaltningsknutepunkt og forvaltar vore større enn kva ein trudde på førehand. Dette skuldast mellom anna at ein del investeringskostnadar frå 2011 først vart belasta på 2012, og at reiseverksemda i samband med kurs, seminar, møter etc. vart større enn venta.

Vidare kan ein sjå at kostnadene til drift av styret har vore mindre enn budsjettet. Det er fleire årsaker til dette; ikkje alle styremedlemmer krev møtegodtgjerdsle for alle møta, tidsbruken for kvart møte er litt mindre enn venta, her har vore nokon fråfall til møta og det har vore mindre kostnadar til møterom og mat enn budsjettet.

Det har ikkje vore utgifter til planarbeid i 2012. Dette er fordi prosessen med forvaltningsplan er forseinka. Forvaltningsplanen skal forhåpentlegvis ut på høyring i løpet av 2013.

4. Tiltak / bruk av midlar

For 2012 fekk Ålfotbrean lvo tildelt totalt 265.000 over bestillingsdialogen og 80.000 som styret sine tiltaksmidlar. Av bestillingsdialogmidlane disponerte SNO lokalt 115.000 av desse til sine tiltak, og verneområdestyret disponerte dei resterande 150.000 til sine tiltak. Her er ei oversikt over kva midlar som vart brukt i 2012.

Bruk av midlar i Ålfotbrean landskapsvernombordet 2012			
Bestillingsdialog			
Tiltak	Tiltakshavar	Sum	Merknad
Registrering av framande artar	Verneområdestyret / Sogn og Fjordane Skogeigarlag	22 636	
Granuttak i Hyefjorden	Verneområdestyret / SNO / Bygdeservice	48 625	
Totalt		71 261	
Tiltaksmidlar			
Tiltak	Tiltakshavar	Sum	Merknad
Kjøp av jernhest	Verneområdestyret	14 330	Saman med Naustdal-Gjengedal, Jostedalsbreen og Skålasiiprojektet
Informasjonsfilm om landskapsvernombordet	Verneområdestyret / Firda vgs	65 000	Produserast i 2013
Totalt		79 330	

Det var sett av 50.000 til utbetring av stien frå Hope til Lavesteinen. Dette er starten på den mest brukte og enklaste ruta opp til Gjegnabu, og her er behov for litt utbetring, merking og skilting. Dette fekk vi ikkje gjennomført i 2012, men vi har planer om å få gjort dette saman med Flora Turlag og grunneigarane i Hope i 2013. Dei 50.000 vart returnert til SNO sentralt, men vi får dei truleg att i 2013.

Verneområdestyret og SNO leigde inn Bygdeservice til hogst av eit granfelt ved Hyefjorden. Her vart grantrea hogd ned, kvista og kappa opp slik at dei rotnar på staden. Sjå bilete lenger nede.

5. Fagleg Rådgjevande utval

Det vart ikkje oppretta fagleg rådgjevande utval for Ålfotbrean landskapsvernombordet i 2012. Dette må gjerast i 2013. Det står i vedtekten at dette skal opprettast.

6. Forvaltar

Verneområdeforvaltaren vart tilsett 1.oktober 2011 og har verka i stillinga i heile 2012. Forvaltaren har kontorstad på Sandane, der han er samlokalisert med Statens naturoppsyn sin oppsynsmann som er tilknytt Naustdal-Gjengedal og Ålfotbreen landskapsvernombord.

Samarbeidet med SNO lokalt fungerer veldig godt. Vi jobbar mykje i team, både på planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak, tenestekjøp og u dei konkrete sakene som dukkar opp.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2012:

- 2.-3. feb: Reiselivskonferanse i Loen.
- 29. feb – 1.mars: Samling for nasjonalpark- og verneområdeforvaltarar på Gardermoen, ePhorte og nettside
- 12.-13. mars: Kompetanseprogram Balestrand
- 23.-25. april: Samling for nasjonalpark- og verneområdeforvaltarar Jevnaker
- 22.-24. mai: Vernefagsamling Langesund
- 31.8: Nasjonalparkkonferanse Otta
- 9.-10. okt: Lokal samling med forvaltarar, SNO og tjenestekjøp, Loen.
- 13.-15. nov: Forvaltarsamling Røros.

Møteverksemd

I tillegg har forvaltaren vore på ein del møter. Forvaltaren er tilsett i Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, og er derfor på ein del interne møter i fylkesmannsembetet.

Av eksterne som forvaltaren har vore i møte med kan ein nemne:

- Sogn og Fjordane Energi
- Sogn og Fjordane Røde Kors
- Firda vgs
- Grunneigarar og brukarar
- Nordfjord Folkehøgskule

7. Bilete frå 2012



Synfaring med båt langs vestsida av Hyefjorden. Den bratte og frodige fjellsida langs fjorden er med i Ålfotbreen landskapsvernområde.



Informasjonstavle ved parkeringsplass i Hope. Det er satt opp til saman 6 slike informasjonstavler rundt Ålfotbreen lvo.



Det er behov for utbetring, merking og skilting av stien frå Hope til Lavestenen. Denne stien er den viktigaste ruta til Gjengabu og vidare til Gjengnen.



Støylen i Straumsbotnen ligg utanfor landskapsvernombordet, i innfallsporten til eit fantastisk flott villmarksområde.



Lindis Bergland og Atle Gimmestad frå Sogn og Fjordane Skogeigarlag registerer framande artar i Ålfotbreen Ivo.



Hogst av gran ved Hyefjorden. Bygdeservice AS, SNO og forvaltaren hogde eit felt med planta gran som stod inne i verneområdet.